



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
14/20	Helse og oppvekstutvalet	12.02.2020
15/20	Ungdomsrådet	10.02.2020
31/20	Formannskapet	25.02.2020
20/20	Kommunestyret	10.03.2020

### Tilstandsrapport 2020

#### Samandrag:

#### Opplæringslova slær fast ansvaret til kommunen i forhold til oppfylting av krava i lova:

##### § 13-10. Ansvarsomfang

*Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.*

*Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. **Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane.***

#### Kommunestyret 10.03.2020:

#### Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### KST- 20/20 Vedtak:

Kommunestyret i Sande støttar Ungdområdet sine innspel til Tilstandsrapporten 2020

- Ungdomsrådet foreslår at ein i rapporten også ser resultatane opp mot resultatane i ungdomsundersøkinga.
  - Elevane har behov for meir fysisk og praktisk aktivitet, og bør legge til rette for meir praktiske fag.

- Skulen må fornye læringsverktøyet og tilpasse dette til dagens utvikling
- Ein bør sette meir fokus på trivsel i skulen bla.
  - Elevane må få større medverknad
  - Må leggast til rette for betre møteplassar på skulane
  - Inneklima – luft og varme
  - Toalettforhold
  - Gjere lokala meir trivelege og hyggelege

Innspela vert å innarbeide i rapporten og ta omsyn til vidare  
Målsettingane forpliktar skulen og kommunen på å realisere måla så langt råd er.

#### **Formannskapet 25.02.2020:**

##### **Behandling:**

Tilråding frå Helse- og oppvekstutvalet vart samrøystes tilrådd.

##### **FSK- 31/20 Vedtak:**

##### **Formannskapet tilrår:**

1. Kommunestyret i Sande kjem med følgjande innspel til Tilstandsrapporten 2020 og oppfølginga av desse:

- 
- 
- 
- 

2. Innspela vert å innarbeide i rapporten og ta omsyn til vidare

3. Målsettingane forpliktar skulen og kommunen på å realisere måla så langt råd er.

#### **Helse og oppvekstutvalet 12.02.2020:**

##### **Behandling:**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

##### **HO- 14/20 Vedtak:**

##### **Helse- og oppvekstutvalet tilrår:**

Kommunestyret i Sande kjem med følgjande innspel til Tilstandsrapporten 2020 og oppfølginga av desse:

- 
- 
- 
- 

1. Innspela vert å innarbeide i rapporten og ta omsyn til vidare
2. Målsettingane forpliktar skulen og kommunen på å realisere måla så langt råd er.

## Ungdomsrådet 10.02.2020:

### Behandling:

#### UNG- 15/20 Vedtak:

- Ungdomsrådet foreslår at ein i rapporten også ser resultata opp mot resultata i ungdatabundersøkinga.
- Elevane har behov for meir fysisk og praktisk aktivitet, og bør legge til rette for meir praktiske fag.
- Skulen må fornye læringsverktøyet og tilpasse dette til dagens utvikling
- Ein bør sette meir fokus på trivsel i skulen bla.
  - Elevane må få større medverknad
  - Må leggast til rette for betre møteplassar på skulane
  - Inneklima – luft og varme
  - Toalettforhold
  - Gjere lokala meir trivelege og hyggelege

#### 1. **Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunestyret i Sande kjem med følgjande innspel til Tilstandsrapporten 2020 og oppfølginga av desse:

- 
- 
- 
- 

2. Innspela vert å innarbeide i rapporten og ta omsyn til vidare
3. Målsettingane forpliktar skulen og kommunen på å realisere måla så langt råd er.

**Vedlegg:**

Tilstandsrapport 2020 - Sjølve rapporen

**Saksopplysningar:**

Opplæringslova § 13-10 gjer nærare greie for ansvaret kommunen har for å gjennomføre lov og forskrift i forhold til grunnskuleopplæringa, og pålegg kommunen å legge fram ein tilstandsrapport årleg for dei folkevalde (jfr. ovanfor). Rapporten skal ha eit visst minimum av innhald/statistikk, samt vurderingar og målsettingar på gitte område.

Vedlagde Tilstandsrapport er innanfor desse krava.

Sist tilstandsrapport var framlagt, var hausten 2018, så det er tid for ei ny runde med vurderingar.

Formålet med rapporten er å sikre kunnskap om tilstanden, og gje politikarane høve til å komme med innspel i forhold til drifta og resultatata.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er viktig for prosessen og styringsdialogen at politisk nivå seier noko om kva for målsettingar og satsingsområde ein skal ha i kommunen. Politiske signal er viktige for gjennomføringa, og retningsgjevande for arbeidet.

Dei politiske signala forpliktar samstundes kommunen til å gjennomføre måla i størst mogleg grad, og følgje opp med ressursar nok.

Den framlagde rapporten har med seg målsettingane frå dei årlege gjennomgangane tidlegare.

Evalueringane tyder på at målsettingane vert tekne på alvor, og at det vert utført mykje godt arbeid med elevane i grunnskulen i Sande.

**Likestillingsmessige sider ved saka:**

Det er vesentleg at gutar og jenter får same sjansar til optimal utvikling i skulen.

**Konsekvensar for folkehelsa:**

Skuletilbodet er særst viktig for den fysiske og psykiske helsa for born og unge, også som grunnlag for framtida deira.

**Miljøkonsekvensar:**

Miljømedvit er eit viktig tema i skulen.

**Økonomiske konsekvensar:**

Eit optimalt tilbod kostar mykje. Det er kommunen sitt ansvar å ta desse kostnadane som lova krev, og organisere tilboda slik at dei er gjennomførbare innanfor dei økonomiske rammene.

**Beredskapsmessige konsekvensar:****Konsekvensar for barn og unge:**

Skule- og oppveksttilbodet er heilt avgjerande for framtida til alle elevane i grunnskulen. Kommunen har eit stort ansvar får at dette tilbodet vert godt nok.

Utskrift vert sendt til:  
Oppvekstsentra  
PPT  
Helsestasjon

Trond Arne Aglen  
kommunedirektør